



Forum Arkitekter As
Anne Carlsen
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6057 - 23/36328

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
12.05.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 139/89 Tveiten nedre

Tiltak: Endring av fritidsbolig
Byggjestad: Gbnr: 139/89
Tiltakshavar: Trygve Bjørkhaug
Ansvarleg søkjar: Forum Arkitekter As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.05.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er gjort endringar i ansvarsrett for PRO og SØK sidan rammeløyve. Det er i rammeløyvet opplyst at Forum Arkitekter AS står for SØK og PRO, medan det ved igangsetting er opplyst at tiltakshavar dekkjar desse funksjonane. Eventuelle endringar av ansvarsrett må meldast inn.
2. Tiltakshavar har søkt om å stå som ansvarleg for alle funksjonar i søknad om igangsetting. Viser til at tiltak er godkjend som tiltak med krav om ansvarsrett jf. pbl.§20-3. Ansvarsrettar må dermed vere dekkja av ansvarleg føretak.
3. Det er vilkår i rammeløyve om at det må sendast inn godkjend løyve frå Bergen Hamn etter havne- og farvannslova for tiltak i sjø før ein kan få løyve til igangsetting. Ber om at dette vedtaket vert sendt inn som del av supplering.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **23.06.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Forum Arkitekter As
Trygve Bjørkhaug

Damsgårdsveien 16
Astrups Vei 3

5058 BERGEN
5067 BERGEN